



Telemark Lys AS

Eigarskapkontroll - Fyresdal kommune

2014 :: 431 002

Innhald

Samandrag	ii
1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar	1
1.2 Metode	1
1.3 Kriterier	2
1.4 Høyring	2
2 Telemark Lys AS	3
2.1 Formål og organisering	3
2.2 Økonomisk stilling	5
2.3 Framtidsutsikter	6
2.4 Avtaleforhold og juridiske plikter	6
3 Fyresdal kommune og eigarskap	8
3.1 Eigarinteresser og målsettingar for eigarskap	8
3.2 Føringer for eigarskap	9
3.3 Utøving av eigarskap	11
3.4 Vurdering	15
4 Tilrådingar	19
Vedlegg	20
Vedlegg 1: Formlar nytta ved berekning av nøkkeltall:	21
Vedlegg 2: KS' Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/ fylkeskommunalt eide selskap og foretak	22

Foto framside: Anne Sæterdal

Samandrag

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Fyresdal kommune i sak 19/13. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2012-2015, vedtatt av kommunestyret i Fyresdal kommune.

Kontrollutvalet har bedt om svar på følgjande problemstillingar:

- Har Fyresdal kommune oversikt over sine eigarinteresser i selskapet?
- Har Fyresdal kommune tydelege målsettingar med sitt eigarskap i selskapet?
- Har Fyresdal kommune vedtatt føringar for korleis dei skal ivareta eigarskapet i selskapet?
- Forvaltar Fyresdal kommune sitt eigarskap i tråd med eventuelle føringar, selskapslovgiving og normer for godt eigarskap?

Om selskapet

Telemark Lys AS er ei attføringsbedrift som er eigd av Fyresdal kommune. Selskapet har som formål å drive attføring for å medverke til å oppfylle Stortinget si målsetting om fleire i arbeid og færre på trygd. I tillegg til å drive attføringsverksemd, er selskapet ansvarleg for gjennomføring av introduksjonsprogrammet for flyktningar i kommunen. Selskapet driv og med noko kursverksemd.

Har Fyresdal kommune oversikt over sine eigarinteresser i selskapet?

Kommunen har utarbeida eigarskapsmelding, som bidreg til å gje oversikt over eigarinteressene. At kommunen er eineigar og at kommunestyret er generalforsamling, bidreg også til oversikt over eigarskapen.

Har Fyresdal kommune tydelege målsettingar med sin eigarskap i selskapet?

Gjennom eigarskapsmeldingane, har kommunen vedteke tydelege målsettingar med eigarskapen sin i Telemark Lys AS.

Har Fyresdal kommune vedtatt føringar for korleis dei skal ivareta eigarskapet i selskapet?

Fyresdal kommune har gjennom eigarskapsmeldingane lagt føringar for korleis dei skal ivareta eigarskapen i selskapet. Målsettingane som kommunen har vedtatt for selskapet i eigarskapsmeldinga, er ikkje heilt eintydig i tråd med formålet i vedtektene. Dette gjeld særleg målet om at selskapet skal vere ein aktiv pådrivar i arbeidet med

næringshagen. Vi meiner også at det er noko uvisst om verksemda knytt til utleige av lokale og drift av desse er heilt i tråd med formålet slik det er formulert i vedtektene. Det kan også vere grunn til å vurdere om verksemda knytt til oppfølging av introduksjonsprogrammet bør gå tydelegare fram av formålet i vedtektene. Vedtektene er førande for drifta av selskapet, og vedtektene vert fasett av generalforsamlinga i selskapet.

Forvaltar Fyresdal kommune sitt eigarskap i tråd med eventuelle føringar, selskapslovgiving og normer for godt eigarskap?

Våre undersøkingar syner at på nokre punkt sikrar ikkje kommunen godt nok at egne føringar og normer for godt eigarskap blir følgde opp.

Vi meiner at det ikkje er heilt eintydig at dei måla som kommunen har sett i eigarskapsmeldinga og den verksemda som selskapet har, er i tråd med formålet i vedtektene til selskapet. For å sikre at måla som kommunen har blir følgde opp, bør det vere samsvar mellom vedtektene og vedtekne mål. Kommunen bør derfor vurdere om det er behov for å justere vedtektene eller målsettingane som kommunen har for selskapet.

Eigarmeldinga til kommunen er kjend i selskapet, men blir ikkje følgd opp på alle punkt. Kommunen bør derfor vurdere tiltak for å sikre at eigarskapsmeldinga blir følgd opp. Dette gjeld kravet om at styremedlemmer skal registrere verv i styrevervregisteret. Det gjeld vidare kravet om at reglar om informasjon og offentleg innsyn skal etterlevast, og at meiroffentlegheit skal gjelde så langt det er mogleg. Selskapet opplyser at dei har vurdert at dei ikkje er omfatta av offentleglova. Vi meiner det er lite sannsynleg at unntaksregelen i offentleglova gjeld for selskapet, slik at Telemark Lys AS truleg er omfatta av offentleglova.

Innkalling og gjennomføring av generalforsamling har ikkje vore heilt i tråd med krav sett i vedtektene. Vedtektene har meir omfattande krav enn dei som er sett i aksjelova. Kommunens revisor og kontrollutvalet har ikkje blitt orientert om generalforsamlinga, slik dei skal etter kommunelova.

Kommunenens Sentralforbund (KS) har gjennom sine tilrådingar fastsett normer for godt eigarskap. På nokre punkt har ikkje kommunen ein praksis i tråd med tilrådingane. Kommunen har ikkje gitt opplæring til folkevalde i tråd med KS sine tilrådingar. Kommunen nyttar valnemd for val til styret i selskap, slik KS tilrår. Valnemda har ikkje grunngeven si innstilling for val til styret. Ei slik grunngeving er

tilrådd av KS som ledd i arbeidet med å sikre eit godt kvalifisert styre. Selskapet har ikkje etablert rutinar for kompetansevurdering av styret, slik KS tilrår.

I samband med eigarskapskontrollen har vi sett at kommunen har avtale med selskapet om det praktiske og administrative arbeidet knytt til introduksjonsprogrammet. Ansvarsdelinga mellom selskapet og kommunen, t.d. når det gjeld mynde til å fatte vedtak for deltakarar i introduksjonsprogrammet, er ikkje tydeleg klargjort i avtalen. Dette forholdet ligg litt på sida av tema for eigarskapskontrollen, men vi vil likevel rette merksemd mot dette, slik at kommunen kan ivareta dette ansvaret på ein betryggande måte.

Tilrådingar

Vi tilrår at Fyresdal kommune:

- sikrar at vedtektene jamleg blir vurdert og at dei i størst mogleg grad er i samsvar med kommunen sine vedtekne mål for selskapet
- har tiltak for å sikre at kommunen si eigarskapsmelding blir følgd av kommunen og av selskapet

Vi tilrår at selskapet:

- sikrar at kommunen sin revisor og kontrollutvalet blir varsla om generalforsamling, jf. Kommuneloven § 80
- sikrar at innkalling til ekstraordinær generalforsamling skjer i tråd med vedtektene
- sikrar at dokument følgjer med innkallinga til generalforsamling i tråd med vedtektene
- sikrar at styreverv blir registrert i styrevervregisteret i samsvar med eigarskapsmeldinga
- sikrar at det blir etablert rutinar for kompetansevurdering, herunder instruks for styre og dagleg leiar

Skien, 20.11.14

Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar

Eigarskapkontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Fyresdal kommune i sak 19/13.

Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2012-2015, vedtatt av kommunestyret i Fyresdal kommune.

I kontrollen vil vi undersøke følgjande problemstillingar:

- Har Fyresdal kommune oversikt over sine eigarinteresser i selskapet?
- Har Fyresdal kommune tydelege målsettingar med sitt eigarskap i selskapet?
- Har Fyresdal kommune vedtatt føringar for korleis dei skal ivareta eigarskapet i selskapet?
- Forvaltar Fyresdal kommune sitt eigarskap i tråd med eventuelle føringar, selskapslovgiving og normer for godt eigarskap?

Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2012 og 2013. Den omfattar Fyresdal kommune sitt eigarskap i Telemark Lys AS. Der det er føremålstenleg omtalar vi kommunen si forvaltning av eigarinteresser generelt.

1.2 Metode

Denne kontrollen er *ein eigarskapkontroll*. Kontrollen er gjennomført i samsvar med reglane om selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14, samt gjeldande rettleiar for selskapskontroll, fastsett av Norges kommunerevisorforbund.¹

I rapporten presenterer vi noko informasjon om selskapet. Vi meiner at denne informasjonen kan vere med på å gi eit heilskapleg bilete av eigarstyringa av selskapet, og om denne fungerer i praksis. Utover dette går ikkje kontrollen djupt når det gjeld styret sitt ansvar og verksemda i selskapet.

Kontrollen er gjennomført av Anne Sæterdal.

¹ Selskapskontroll - fra A til Å, Norges kommunerevisorforbund 11. mai 2011

1.3 Kriterier

Kriterier for vurderingane i rapporten bygger i hovudsak på følgjande kjelder:

- lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (koml)
- lov 13. juni 1997 om aksjeselskap (asl)
- lov 16. juli 1999 og forskrift 7. april 2006 om offentlige anskaffelser
- lov 27. november 1992 om offentlig støtte
- lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i offentleg verksemd (offentleglova)
- KS' anbefalinger for eierstyring (vedlegg)
- selskapets vedtekter og relevante kommunestyrevedtak
- Eigarskapsmelding for Fyresdal kommunes
- Eigarskapsmelding for Telemark Lys AS

Vi har lagt til grunn KS' tilrådingar for eigarstyring for å vurdere normer for godt eigarskap. Desse tilrådingane er ikkje krav kommunen må følgje, men tilrådingar kommunen kan nytte i arbeidet med få til ei god eigarstyring.

Fakta i rapporten bygger på informasjon som er innhenta gjennom

- eigenerklæring frå styret
- eigenerklæring frå eigarrepresentant
- intervju med dagleg leiar og styreleiar
- dokumentgjennomgang

I rapporten fokuserer vi på negative funn. Det som er i orden blir som hovudregel ikkje omtala.

Vi meiner at metodebruk og kjeldetilfang i denne eigarskapskontrollen har gitt eit godt nok grunnlag til å svare på dei problemstillingane som kontrollutvalet har vedtatt.

1.4 Høyring

Utkast til rapport er sendt på høyring til selskapet sitt styre og daglege leiing og til ordførar i Fyresdal kommune.² Som følgje av høyringa har vi tatt med at det er vedtatt i eigarskapsmeldinga at kommunestyret er generalforsamling for selskapet.

² Vi har fått høyringssvar frå rådmann på e-post datert 12.11.14 og munnleg tilbakemelding frå dagleg leiar 19.11.14.

2 Telemark Lys AS

Telemark Lys AS blei oppretta i 1993. Selskapet blei oppretta som ei attføringsbedrift og hadde tidlegare eigen produksjon av lys. Nå er selskapet i større grad ein tenesteleverandør, og det som er att av produksjon, er produksjon av ved og pallar, samt drift av ein kafé.

I dei seinare åra har selskapet hatt avtale med kommunen om gjennomføring av introduksjonsprogrammet for flyktningar. Selskapet har og fått ansvar for vaksenopplæring i norsk i kommunen. I 2013 har selskapet gjennomført språk og arbeidslivskurs for deltakarar utanom introduksjonsprogrammet. Selskapet har og hatt norskurs for fengselsvesenet, som underleverandør for Vest-Telemark Ressurssenter.³

Selskapet har tidlegare eigd, drifta og leigd ut kontor i Fyresdal næringshage. Dei eig ikkje lenger kontora, men står framleis for drift av kontora.⁴ Selskapet eig og ein bustad som leigas ut til flyktningar. Både drift av kontora og bustanden brukas i attførings og integreringsarbeidet til selskapet.

Eigar	Aksjar	Eigardel
Fyresdal kommune	2 900	100 %

Kommunestyret er generalforsamling.

2.1 Formål og organisering

Formål

Formålet til Telemark Lys AS går fram av vedtektene § 1:

Telemark Lys AS er ei attføringsbedrift som, gjennom framifrå resultat, skal medverke til å oppfylle Stortingets målsetting om fleire i arbeid og færre på trygd, ved å ta i bruk aktuelle verkemiddel og metodar.

³ Vest-Telemark Ressurssenter er en egen avdeling av Vest-Telemark videregående skole som blant annet tilbyr kurs for å oppnå generell studiekompetanse.

⁴ Lokala i Fyresdal Næringshage er eigd av FN Eigedom AS der Telemark Lys AS eig 25 % av aksjane. Det er etablert eit eige selskap Fyresdal Næringshage AS, der Telemark Lys AS eig 6 % av aksjane. Dagleg leiar i Telemark Lys AS er også ført opp som dagleg leiar for dei to andre selskapa.

Styret

Styrefunksjon	Styret valt på ordinær generalforsamling	
	2013	2014 [⌘]
Styreleiar	Gunnar Wråå (attval)	Gunnar Wråå (attval)
Styremedlem	Arve Levang	Arve Levang (ikkje på val)
Styremedlem	Kristin Vedum	Kjersti Bergeland
Styremedlem	Bjørn Gundersen	Bjørn Gundersen (ikkje på val)
Styremedlem, repr. for dei tilsette	Åse Synnøve Nesher	Martha Schrøder Momrak
Første varamedlem	Kjersti Bergland	Lars Torstein Momrak*
Andre varamedlem	Bjørn Nome	Kristin Vedum*
Vara for dei tilsettes repr.	Grete Nes Kilen	Hege Rokseth

⌘ Brønnøysundregisteret er ikkje oppdatert på nytt styre. Her er styret frå 2013 oppført.

*Vald på ekstraordinær generalforsamling 18.09.14.

Styret og styreleiar vert valde av generalforsamlinga. Styreleiar vert vald for eit år, styremedlemmene for to år og vara til styret for eit år. Kommunens valnemnd fremmer forslag på val til styret.

Organisering

Det er ein føresetnad i regelverket at attføringsbedrifter skal være organisert sjølvstendig frå kommunen sin organisasjon. Val av organisasjonsform er i samsvar med kravet til slike føretak.⁵

Dagleg leiar er Halfdan Haugan. Styreleiar opplyser at selskapet ikkje har økonomi til å ha ein dagleg leiar i full stilling, og frå sommaren 2012 og fram til 30.09.14 har dagleg leiar vore leigd ut i 50% stilling til Fyresdal Næringshage. Frå 01.10.14 er ikkje dagleg leigar lengre tilsett i selskapet, men blir leigd inn i 20% frå VTNU (Vest Telemark Næringsutvikling). Nestleiar i selskapet har det daglege operative ansvaret, men har ikkje personalansvar. Det ligg til dagleg leiar. Selskapet har vald å leige inn Halfdan Haugan og ikkje tilsette nokon ny dagleg leiar, fordi selskapet har starta ei prosess for å vurdere om dei kan slå seg saman med dei andre attføringsverksemdene i Vest-Telemark. Denne prosessen er omtalt under punkt 3.2.

⁵ Jf. forskrift 11. desember 2008 nr. 1320 om arbeidsrettede tiltak § 10-3 og § 11-4 (avløste forskrift 20. desember 2001 nr. 1544 § 7-4)

Selskapet hadde 10 ordinært tilsette i 7,2 årsverk pr. 31.12.13. I tillegg var fire personar tilsett på tiltak, tre årsverk på tilrettelagde tiltak i verksemda (TIA) og 0,5 årsverk i varig tilrettelagt arbeid (VTA).

I 2013 var det legemelde sjukefråveret på 14,4 % for dei ordinært tilsette, mens måla verksemda sette i plan for IA-arbeidet var på 2,5%. Det eigenmelde sjukefråveret var på 4,88 % og målet var på 4 %. Styret ser på arbeidsmiljøet i bedrifta som godt.

Verksemda er EQUASS-sertifisert. EQUASS er eit europeisk system for kvalitetssikring av velferdstenester. NAV har som krav at tiltaksarrangørar skal ha implementert eit system for kvalitetssikring med ekstern revisjon og sertifisering. EQUASS dekkjer dei krava NAV har sett. Verksemdene blir sertifisert for ein periode på to år. Telemark Lys AS er sertifisert fram til juni 2016.

2.2 Økonomisk stilling

Nøkkeltal Telemark Lys AS⁶

	2013	2012	2011
Resultatrekneskap			
Driftsinntekter	7 998 342	8 238 600	8 635 350
Driftsresultat	-1 221 538	-461 516	1 112 537
Årsresultat	-1 157 664	-369 799	1 296 142
Resultatgrad i %	- 15,3	-5,6	12,9
Balanserekneskap			
Sum eigedelar	8 270 408	9 680 644	15 452 780
Eigenkapital:			
Innskoten eigenkapital	2 900 000	2 900 000	2 900 000
Opptent eigenkapital	4 131 026	5 288 690	5 658 488
Sum gjeld	1 239 382	1 491 957	6 894 292
Likviditetsgrad 1	4,3	2,6	3,7
Eigenkapitalandel i %	85,0	84,6	55,4
Gjeldsgrad	0,2	0,2	0,8

Resultata har vore negative i 2012 og 2013, og den opptente eigenkapitalen har blitt redusert. Gjeldsgraden har vore stabil på 0,2 dei siste to åra, noko som må seiast å

⁶ Formlar nytta ved berekning av nøkkeltal, sjå vedlegg 1.

vere bra. Likviditeten er også god, og selskapet har dei to siste åra hatt ei god eigenkapitaldekning.

Dagleg leiar opplyser at det ser ut til at dei i 2014 vil få eit overskot.

2.3 Framtidsutsikter

Ifølgje årsmeldinga 2013 utgjorde NAV sine kjøp av tenester frå selskapet 20 % av omsetnaden. Selskapet har avtale med NAV om tiltaksplassar. I tillegg legg NAV ut tenester på anbod. I følgje leiinga i selskapet er krava i slike anbodskonkurransar slik at selskapet er for lite til å kunne vere med i konkurransen. Dette er ei årsak til at ein no har starta ein prosess for å vurdere samanslåing av attføringsbedriftene i Vest-Telemark. Dette er omtala nærare under punkt 3.2.

Drift av selskapet på det nivået dei har no, er ifølgje dagleg leiar og styreleiar avhengig av avtalen dei har med kommunen om arbeidet med integrering av flyktningar. Selskapet skal yte tilsvarande tenester for Tokke kommune. Dette er gjort for at selskapet skal vere mindre sårbar for svingingar i inntektene som følge av at kommunens mottak av flyktningar kan variere.

2.4 Avtaleforhold og juridiske plikter

I følgje Brønnpøysundregisteret har styreleiar signatur saman med eit styremedlem. Dette er i samsvar med vedtektene. Styret kan ifølgje vedtektene gje prokura. Dagleg leiar har prokura.⁷ Nestleiar har ikkje fått prokura.

Telemark Lys AS har skriftleg avtale med Fyresdal kommune om medfinansiering for varig tilrettelagt arbeid i skjerma verksemd. Dei har også ei samarbeidsavtale med kommunen om gjennomføring av introduksjonsprogrammet for flyktningar. Denne avtalen er signert av rådmann og styreleiar. I avtalen er det fastsett at Telemark Lys AS overtek det praktiske og administrative arbeidet tilhørande oppgåva, etter at kommunen har teke avgjerd om kva for flyktningar som skal kome til Fyresdal. Avtalen er ikkje eintydig på at Telemark Lys ikkje har mynde til å fatte vedtak etter introduksjonsloven § 2, om til dømes permisjonar for deltakarane. Telemark Lys AS har hatt ei avtale om utleige av eit kontor i næringsshagen til Fyresdal kommune, denne avtala er overtatt av FN Eigedom AS.

⁷ Prokura er en fullmakt til å opptre på vegne av selskapet i alt som hører til drift av selskapet.

Selskapet har skriftleg avtale med NAV om ni tiltaksplassar, fem av dei er arbeidspraksisplassar, tre er plassar for tilrettelagt arbeid i attføringsbedrift og ein i statlig varig tilrettelagt arbeid.

Telemark Lys AS leiger lokale frå FN Eigedom AS og har avtale med FN Eigedom AS om å levere vaktmestertjenester i næringshagen og med Fyresdal Næringshage AS om å levere reinhaldstjenester i næringshagen.⁸ Desse avtalane er ikkje ferdig utarbeida enda.

Telemark Lys AS skal inngå avtale med Tokke kommune om gjennomføring av introduksjonsprogrammet for kommunen.

⁸ Fyresdal kommune har eigarinteresser i alle tre selskapa. Kommunen eig 40,3 % av aksjane i FN Eigedom AS og 36,7 % i Fyresdal Næringshage AS. Dagleg leiar i Telemark Lys AS er og dagleg leiar i dei to andre selskapa.

3 Fyresdal kommune og eigarskap

3.1 Eigarinteresser og målsettingar for eigarskap

Har Fyresdal kommune oversikt over sine eigarinteresser i selskapet?

Har Fyresdal kommune tydelege målsettingar med sitt eigarskap i selskapet?

Fyresdal kommune er einaste eigar av Telemark Lys AS.

Eit viktig tiltak for å sikre oversikt over kommunens eigarinteresser i selskap er å utarbeide eigarskapsmelding, som kommunestyret behandlar og eventuelt endrar årleg. Dette er ei av tilrådingane frå KS for å sikre god utøving av offentleg eigarskap. Fyresdal kommune har utarbeida ei eigarskapsmelding i 2012. Meldinga blei handsama av kommunestyret 20.09.12.⁹ I saka blei det vedteke at rådmannen skulle utarbeide framlegg til særskilt eigarskapsmelding for Telemark Lys AS hausten 2012. Kommunestyret handsama ein eigarskapsmelding som berre omhandla Telemark Lys AS hausten 2013.¹⁰

I eigarskapsmeldingane er det sett mål for eigarskapet i Telemark Lys AS. Telemark Lys AS er kjend med eigarskapsmeldingane.

Kommunen har sett følgjande mål for eigarskapet:

Fyresdal kommune har som mål at Telemark Lys AS primært skal vere ei attføringsbedrift for bebuarar i kommunen, men kunne tilby sin kompetanse for andre kommunar.

Bedrifta er ikkje skattepliktig og kommunen kan heller ikkje ta ut utbytte. Det er eit mål for kommunen at bedrifta er sjølvfinansierande og mot betaling kan tilby sine tenester både for eigarkommunen, andre kommunar eller offentlege instansar, samt private.

- 1. Verksemda skal tilby NAV og andre eit breitt spekter attføringstenester av høg kvalitet.*
- 2. Verksemda skal utvikle tenestetilbodet gjennom samarbeid med andre attføringsaktørar i Telemark, og på den måten vere mest mogleg framtidsretta.*
- 3. Verksemda skal ha fokus på fagleg kvalitet, kvalitetsutvikling, kompetanse og kompetanseutvikling.*
- 4. Kommunen skal i tillegg til dei reint faglege punkta og kommunen sitt eige faglege*

⁹ Kommunestyresak 72/12

¹⁰ Kommunestyresak 64/13.

behov og leggje vekt på at verksemda representerer viktige arbeidsplassar i kommunen, som i betydeleg grad er betalt av andre.

5. Fyresdal kommune har som eigar eit særleg ansvar for til ei kvar tid å vurdere om Telemark Lys AS er tent med å stå på eigne bein, samarbeide med andre eller evt. fusjonere med andre liknande verksemdar.

6. Telemark Lys AS skal vere ein aktiv pådrivar for å utvikle Næringshagen.

7. Fyresdal kommune sitt mottak av flyktningar er Telemark Lys AS si oppgåve å samordne og gje eit tilbod innanfor introduksjonstilskotet si ramme.

8. Telemark Lys AS skal vere tilbydar for norskopplæring for vaksne.

9. Telemark Lys AS skal til ei kvar tid tilpasse drifta innanfor eigne økonomiske rammer der kommunen som eigar ikkje skal yte tilskot til drifta utover kjøp av tenester på reint kommersielt grunnlag.

Punkt 5 – 8 blei foreslått og vedtatt lagd til i handsaminga av kommunens samla eigarskapsmelding i kommunestyresak 2012, og punkt 9 blei lagt til i behandlinga av eigarskapsmeldinga for Telemark Lys AS, kommunestyressak 64/13.

3.2 Føringar for eigarskap

Har Fyresdal kommune vedtatt føringar for korleis dei skal ivareta eigarskapet i selskapet?

Eigarskapsmelding

Gjennom eigarskapsmeldingane har Fyresdal kommune vedteke føringar for eigarskap, og har fastsett generelle prinsipp for eigarskap i Fyresdal kommune. Desse omfattar blant anna:

- Selskapa skal ha tydelege mål og oppgåver i vedtektene*
- Selskapet skal ha etiske retningsliner*
- Kommunelova sin § 4 (om informasjon og offentleg innsyn) skal gjelde fullt ut for alle selskap. Meiroffentlegheit skal gjelde så langt det er mogleg.*
- Som ein del av folkevaldopplæringa skal nytt kommunestyre ha undervisning/informasjon om kommunen sitt eigarskap og eigarskapspolitikk*

Eigarskapsmeldinga legg og føringar for styrerepresentantar. Ifølgje eigarskapsmeldinga ynskjer kommunen at styrerepresentantane skal ha ansvar for at kommunens generelle prinsipp for eigarskap blir gjort gjeldande. Alle deltakarar frå Fyresdal skal registrere styreverva sine i styrevervregisteret.

Oppnemning av kommunen sine representantar i styret skal skje frå ei valnemnd. Ved val til styret bør det leggjast vekt på vedkommande sin kompetanse og styret sin totale samansetnad.

I eigarskapsmeldinga har kommunestyret vedteke at ordføraren er kommunen sin deltakar i generalforsamling/representantsak med mindre andre skulle vere utrykkeleg vald. Det er og presisert at kommunalt tilsette eller folkevalde ikkje kan handtere saker i kommunen som gjeld eit selskap der dei sjølv er styremedlem.

Eigarskapsmeldingane har vedteke mål for selskapet, omtala i punkt 3.1. Kommunen har ikkje sett krav til styret om utarbeiding av styreevaluering eller styreinstruks.

Vedtekter, strategiar og vedtak

Vedtektene for Telemark Lys AS legg føringar for selskapet. Dei fastsett verksemda sitt formål og legg rammer for val til styre. Dette er omtala i punkt 2.1.

Eigarstrategi kan definerast som dei prioriteringar, tiltak og resultatkrav kommunen som eigar har til selskapet for å sikre at selskapet følgjer opp måla som eigar har satt. Styret opplyser at eigars strategi og retningsliner for styret og administrasjon er lagt i vedtektene og eigarskapsmeldingane.

Kommunestyret har 24.10.13 fatta vedtak som kan få innverknad på selskapet si framtid i sak 58/14:

Kommunestyret som generalforsamling i Telemark Lys AS ber styreleiar ta kontakt med dei respektive styreleiarane i den andre attføringsbedriftene i regionen for å invitere til eit meir formalisert og forpliktande samarbeid der målet er å stå fram som ein organisasjon utad.

Styreleiar har starta dette arbeidet.

Eigarorgan - generalforsamling

I eigarskapsmeldinga som er utarbeida for Telemark Lys AS er det nedfelt at kommunestyret er generalforsamling.

Etter vedtektene skal ordinær generalforsamling haldast innan utgangen av april månad. Styret skal kalle inn til ordinær generalforsamling med ei veker varsel og til ekstraordinær generalforsamling med to vekers varsel. I vedtektene er det fastlagt at årsmelding frå styret, siste års rekneskap, styret sine planar og framlegg til budsjett

skal vere med innkallinga. Generalforsamlinga skal etter vedtektene fastsette resultatrekneskap og balanse, korleis overskot skal nyttas eller underskot skal bli dekkja og andre lovpålagde saker.

Det er ikkje retningslinjer for styresamansetjing, og det er ikkje vedtektsfesta valkomité.

3.3 Utøving av eigarskap

Forvaltar Fyresdal kommune sitt eigarskap i tråd med eventuelle føringar, selskapslovgivning og normer for godt eigarskap?

Vi ser her på føringar omtalt i punkt 3.2, krav i aksjelova (primært om generalforsamling og om selskapets leiing), samt kommunelova § 80 og tilrådingane frå KS om eigarstyring.

Eigarskapsmelding

KS tilrår at kommunane utarbeider eigarskapsmelding og at meldinga blir handsama og eventuelt revidera årleg av kommunestyret. Som minimum tilrår KS at meldinga omfattar:

- *ei oversikt over kommunen si verksemd i selskap og samarbeid*
- *politiske og juridisk styringsgrunnlag for dei ulike selskaps- og samarbeidsformene*
- *formålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, herunder vedtektsrevisjon.*

Eigarskapsmeldinga er omtalt i punkt 3.1 og 3.2. Kommunestyret har vedteke at eigarskapsmeldinga skal handsamast kvart fjerde år.

Som omtalt i punkt 3.2. har kommunestyret vedtatt i eigarskapsmeldinga at nytt kommunestyre skal ha undervisning/informasjon om kommunen sitt eigarskap og eigarskapspolitikk. Kommunen gjennomfører generell folkevaldopplæring i regi av KS, men har ikkje eiga opplæring av og informasjon om eigarstyring til folkevalde eigarrepresentantar. Ordførar opplyser at det blir gitt tilbod om styrekurs. Styremedlemmene i Telemark Lys AS har ifølgje dagleg leiar og styreleiar fått tilbod om eksternt styrekurs.

KS tilrår at kommunen gjennomfører obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle dei folkevalde. Det er og tilrådd at første opplæring blir gitt i dei første seks månadene av valperioden og ei oppfølging etter to år.

Vedtekter

Aksjelova § 2-2 set minstekrav for vedtektene, men set ikkje krav om revidering av vedtektene. Vedtektene omfattar minstekrav i aksjelova. KS tilrår at vedtektene, spesielt formålet som er angitt i vedtektene, bør vurderast jamleg. Vedtektene blei sist endra i 2010.

Eigarorgan - generalforsamling

Dokument frå generalforsamling for 2012 og 2013 syner at styreleiar og dagleg leiar i Telemark Lys AS kallar inn til generalforsamling. Innkallinga er ikkje datert, men innkallinga blir sendt ut av sentraladministrasjonen i kommunen samtidig med papir til kommunestyret. Desse blei sendt ut med meir enn ei veker varsel. Innkallinga blir ikkje sendt kommunens revisor eller kontrollutvalet. Kontrollutvalet og kommunens revisor skal etter kommunelova § 80 varslast, og har rett til å møte på generalforsamlinga.

Det har i perioden vi har undersøkt vore ei ekstraordinær generalforsamling. Denne innkallinga er sendt ut på same måte som ordinære generalforsamlingar. Innkallinga til kommunestyret som vart heldt same dag, er datera 8 dagar før møtet.

Styrets planar og framlegg til budsjett har ikkje vore med innkallinga i perioden vi har undersøkt.

Generalforsamling for 2012 blei gjennomført innafor fristen sett i vedtektene, men ikkje generalforsamlinga for 2013. Fristen i vedtektene er kortare enn fristen i aksjelova, som er 30. juni. Generalforsamlingane er gjennomført innafor fristen i aksjelova.

Det er ikkje fatta vedtak av generalforsamlinga som legg føringar for drifta av selskapet i perioden vi har undersøkt. Protokollane viser at årsrekneskap og årsmelding vart godkjent.

Val av styre - valnemnd

Kommunens valnemnd innstiller representantar for val til styret. I melding om vedtak frå valnemnda 08.04.14 til generalforsamlinga i Telemark Lys AS 2013 er det opplyst

om namn og periode for representantane som skal veljast. Det er ikkje med grunngjeving for innstillinga. KS tilrår at det gis grunngjeving for innstilling til styre i aksjeselskap og interkommunale selskap.

Styret og daglig leiing

I tilrådingane frå KS påpeikar dei at det er eigars ansvar at styret har den kompetansen det treng. I tillegg har styret eit eige ansvar. Dei tilrår at styret etablerer rutinar for kompetansevurdering som omfattar:

- instruks for styret og den daglige leiinga, med vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling,
- eigenevaluering frå styret årleg
- tilbod om ekstern styreopplæring
- gjennomføring av styreseminar
- fastsett årleg plan for styrets arbeid
- utarbeiding av årsrapport der ein gjer greie for selskapets styring og leiing

Aksjeloven § 6-23 pålegg styret i selskap der tilsette har representasjon i styret, å utarbeide styresinstruks som gir nærmare regler om styrets arbeid og saksbehandling. Telemark Lys AS er ikkje forplikta etter aksjeloven å ha representant frå dei tilsette i styret, men har valt å ha slik representasjon.

Det er ikkje utarbeida eigen styreinstruks, men styret opplyser at det meste av instruksar til styret kjem fram i kvalitetssystemet eQuass og eigarskapsmeldinga.¹¹ Styret har ikkje utarbeida instruks til dagleg leiar.

Styret opplyser at det ikkje vert gjort andre evalueringar enn ved årsrekneskap, årsmelding og orientering til generalforsamlinga.

Styremedlemmene i Telemark Lys AS har ifølgje dagleg leiar og styreleiar fått tilbod om eksternt styrekurs.

Årsmeldinga for 2012 og 2013 frå styret i Telemark Lys AS har likt format og omfattar ein omtale av verksemda, arbeidsmiljø, kjønnsfordeling blant dei tilsette og styret, forureining av ytre miljø og ei vurdering av framhald av drift for verksemda.

¹¹ eQuass er utarbeida administrativt i selskapet og styret er orientera om dei viktigaste delane i systemet.

Habilitetsvurderingar

KS tilrår varsemd med bruk av leiande politikarar og tilsette med leiarstillingar i kommunen i styrene, for å unngå situasjonar der styrets medlemmer stadig blir vurdert opp mot forvaltningslovas reglar om habilitet. Dei tilrår og at styrene etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar.

Selskapet har ikkje faste rutinar for habilitetsvurdering, men både styreleiar og dagleg leiar meiner at ein i selskapet er oppmerksom på dette.

Godtgjering

Generalforsamlinga har etter aksjeloven § 6-10 ansvar for å fastsette godtgjering til styremedlemmer og varamedlemmer. Fyresdal kommune har i si eigarmelding at det skal vere ein open prosess rundt eventuell godtgjering til styremedlemmer.

Generalforsamlinga har i perioden vi har undersøkt, fastsett honorar på kr 12 000 pr. år pr. styremedlem og kr 40 000 til styreformann. Vararepresentantar som møter, får kr 1 000 pr. møte. I saka er det vedtatt at revisor blir honorert etter arbeid.

Etiske retningslinjer

Selskapet har etiske retningslinjer. Desse er omtala i eigarskapsmeldinga som er laga for Telemark Lys AS.

Offentleg innsyn

I eigarskapsmeldinga legg Fyresdal kommune til grunn at kommunelova § 4 om informasjon og offentlig innsyn skal gjelde fullt ut for alle selskap, og at meiroffentlegheit skal gjelde så langt det er mogleg. Dette er i tråd med offentleglova. Sjølvstendige rettssubjekt der det offentlege eig meir enn halvparten av selskapet, er omfatta av offentleglova, jf. § 2 første ledd c. Selskap som er omfatta av offentleglova etter § 2 første ledd c, men som hovudsakleg driv næring i konkurranse med og på same vilkår som andre er likevel unntatt, etter paragraf § 2 andre ledd.

Selskapet si leiing har vurdert at selskapet ikkje er omfatta av reglane i offentleglova. Det er ikkje gjort ei skriftleg vurdering av dette.

Innkjøp og offentlig støtte

Selskapet har ikkje vurdert om dei er omfatta av anskaffelseslova. Dei opplyser at dei ikkje har gjort anskaffingar over terskelverdiane i perioden vi undersøker.

Dagleg leiar og styreleiar meiner at selskapet ikkje har fått offentlig støtte i perioden vi undersøker, men at det skjer krysssubsidiering frå dei kommunale oppgåvene til den delen av verksemda som sel tenester til andre. NAV har hatt fokus på at attføringsverksemda ikkje skal vere med på finansiere andre deler av verksemda. For Telemark Lys AS meiner leiinga at det heller er tvert om. Styrereferat syner at blant anna kafédrifta har hatt underskot, mens integreringsdelen har hatt overskot. Dagleg leiar påpeikar at det er vanskeleg å få til rett kostnadsfordeling mellom avdelingane og at det slik sett er vanskeleg å gje eit heilt rett bilde av resultatata for dei ulike avdelingane. Selskapet fakturerer ikkje internt og har heller ikkje åtskilte rekneskap.

3.4 Vurdering

Har Fyresdal kommune oversikt over sine eigarinteresser i selskapet?

Kommunen har utarbeida eigarskapsmelding som bidreg til å gje oversikt over eigarinteressene. Når det gjeld Telemark Lys AS vil det at kommunen er eineigar og at kommunestyret har vore generalforsamling gjere at dei har oversikt over eigarskapet.

Har Fyresdal kommune tydelege målsettingar med sitt eigarskap i selskapet?

Gjennom eigarskapsmeldingane, har kommunen vedteke tydelege målsettingar med eigarskapet sitt i Telemark Lys AS.

Har Fyresdal kommune vedtatt føringar for korleis dei skal ivareta eigarskapet i selskapet?

Fyresdal kommune har gjennom eigarskapsmeldingane lagt føringar for korleis dei skal ivareta eigarskapet i selskapet. Eigarskapsmelding gir også føringar for nokre av selskapa som kommunen eig. Dersom meldinga skal gi kommunen som eigar dekkande informasjon, bør det vere med informasjon om alle selskap, slik meldinga legg opp til, men som ikkje er gjennomført enno.

KS tilrår at eigarmeldinga inneheld formålsdiskusjon og selskapsstrategi for dei ulike selskapa, under dette vedtektsrevisjon. Eigarmeldinga omtalar ikkje vedtektsrevisjon.

Formålet med selskapet er fastsett i vedtektene. Vi meiner at det ikkje er heilt tydeleg at målsettingane som kommunen har vedtatt for og med selskapet, fullt ut er i tråd med formålet som selskapet har i vedtektene. Dette gjeld særleg målet om at selskapet skal vere ein aktiv pådrivar i arbeidet med næringshagen. Vi meiner også at det er noko uvisst om verksemda knytt til utleige av lokale og drift av desse er heilt i tråd med formålet. Det kan og vere grunn til å vurdere om verksemda knytt til oppfølging av introduksjonsprogrammet bør gå noko tydelegare fram av formålet i vedtektene.

Forvaltar Fyresdal kommune sitt eigarskap i tråd med eventuelle føringar, selskapslovgiving og normer for godt eigarskap?

Eigarskapsmelding

Kommunen har i sin eigarskapsmelding med kravet om at kommunalt tilsette eller folkevalde ikkje kan handtere saker i kommunen som gjeld eit selskap der dei sjølv er styremedlem. I Telemark Lys AS er kommunalsjef for økonomi og fellestenester styremedlem. Vi går ut frå at kommunen har gjort vurderingar av habilitet i forkant av valet, og er merksam på at ho ikkje kan vere sakshandsamar eller delta i førebuing av saker som gjeld Telemark Lys AS.

Fyresdal kommune gir ikkje opplæring til folkevalde i tråd med tilrådingane frå KS. Vi meiner kommunen kan vurdere om dei kan ha nytte av ei opplæring som er meir direkte retta mot eigarstyring enn den generelle folkevaldopplæringa som kommunen gjennomfører.

I eigarskapsmeldinga har kommunestyret vedteke at dei som eigar har eit særleg ansvar for å vurdere om Telemark Lys AS er tent med å stå på egne bein eller samarbeide eller slå seg saman med andre. Kommunestyret har følgd opp dette, ved at dei har bede styreleiar starte ein prosess for å få til ei samordning av attføringstilbodet i Vest-Telemark. Vi vil påpeike at vedtaket kommunestyret har fatta, kan gi inntrykk av at det er generalforsamlinga som har fatta vedtaket. Det er fastsett rammer for gjennomføring av generalforsamling, som her ikkje er følgd, slik at vedtaket ikkje har status som eit vedtak i generalforsamlinga. Selskapet har følgd opp kommunestyrets vedtak.

Vedtekter

Det er etter vår vurdering ikkje heilt tydeleg at drifta av selskapet er i tråd med formålet i vedtektene. Det er tydelegare at drifta er i tråd med eigars målsettingar. Dette gjer at det kan vere grunnlag for å vurdere ein revisjon av vedtektene, som ikkje har vore endra sidan 2010. KS tilrår at det gjerast jamlege vurderingar av vedtektene, noko vi ikkje kan sjå er gjort.

Selskapet bør sikre at avtaler selskapet inngår blir signert i tråd med vedtektene.

Eigarorgan – generalforsamling

Innkalling til generalforsamling er ikkje i tråd med krava som er sett, ved at styret sine planar og framlegg til budsjett ikkje har følgd med innkallinga. Kommunens revisor og kontrollutvalet har ikkje blitt orientert om generalforsamlinga, jf. kommunelova § 80. Frist for innkalling til ekstraordinær generalforsamling er ikkje følgd.

Det er sett kortare frist for gjennomføring av generalforsamling i vedtektene enn det aksjelova krev. Generalforsamling for 2013 blei ikkje gjennomført innafor fristen i vedtektene. Ved ein gjennomgang av vedtektene kan det vere naturleg å vurdere om selskapet er tent med den kortare fristen som er sett i vedtektene.

Val av styre - valnemnd

Kommunen kan og vurdere om dei har nytte av at valnemnda grunngjer innstilling til styret. Ei grunngjeving vil kunne vise at nemnda har sikra godt kvalifiserte styremedlemmer, i tråd med prinsippa kommunen har vedteke i eigarskapsmeldinga.

Styret og dagleg leiing

Vi meiner at selskapet kunne vore tent med å etablere rutinar for kompetansevurdering slik KS tilrår. Det å etablere instruks for styret og dagleg leiar, meiner vi kan vere spesielt viktig i den situasjonen selskapet er i no, når oppgåver som er lagt til dagleg leiar blir utført av to personar. Styret kan og vurdere om dei er tente med å etablere faste rutinar for habilitetsvurdering.

Styremedlemmene i Telemark Lys har ikkje følgd opp punktet i eigarskapsmeldinga om at alle deltakarar frå Fyresdal skal registrere styreverva sine i styrevervregisteret.

Avtalen selskapet har med kommunen om introduksjonsprogrammet er ikkje eintydig på kven som har mynde for å fatte vedtak om til dømes permisjonar for deltakarane. I

avtalen bør dette vere tydlegare. Kommunen har ikkje anledning til å delegere mynde til å fatte enkeltvedtak til eit aksjeselskap. Oppgåvefordelinga mellom selskapet og kommunen knytt til forvaltning av introduksjonslova bør etter vår vurdering vere klarare enn det som er formulert i avtalen, særleg slik at det er tydelig kven som fattar vedtak etter introduksjonslova.

Offentleg innsyn

Telemark Lys AS praktiserer ikkje kommunens prinsipp om informasjon og innsyn, som er vedteke i eigarskapsmeldinga. I utgangspunktet meiner vi at selskapet også er forplikta til dette etter offentleglova. Om selskapet fell inn under unntaket i offentleglova, meiner vi er usikkert. Sidan dette er ein eigarskapskontroll, har vi ikkje gjort nærare undersøkingar av dette.

Innkjøp og offentleg støtte

Selskapet bør vurdere om dei er omfatta av anskaffelsesloven.

Spørsmål om ulovleg kryss-subsidiering er relevant for Telemark Lys AS. Telemark Lys AS konkurrerer med andre i ein marknad til dømes om kursoppdrag. Samstundes mottek selskapet tilskot for gjennomføring av offentlege oppgåver (integreringsarbeidet). I slike tilfelle pliktar selskapet å treffe tiltak for å hindre kryss-subsidiering, og har bevisbyrden for at kryss-subsidiering ikkje skjer. I eigarskapskontrollen har vi ikkje undersøkt om selskapet har gode nok tiltak for å hindre ulovlig kryssubsidiering.

4 Tilrådingar

Med utgangspunkt i det vi har sett i eigarskapskontrollen, tilrår vi:

At Fyresdal kommune:

- sikrar at vedtektene jamleg blir vurdert og at dei i størst mogleg grad er i samsvar med kommunen sine vedtekne mål for selskapet
- har tiltak for å sikre at kommunen si eigarskapsmelding blir følgd av kommunen og av selskapet

At selskapet:

- sikrar at kommunen sin revisor og kontrollutvalet blir varsla om generalforsamling, jf. Kommuneloven § 80
- sikrar at innkalling til ekstraordinær generalforsamling skjer i tråd med vedtektene
- sikrar at dokument følgjer med innkallinga til generalforsamling i tråd med vedtektene
- sikrar at styreverv blir registrert i styrevervregisteret i samsvar med eigarskapsmeldinga
- sikrar at det blir etablert rutinar for kompetansevurdering, herunder instruks for styre og dagleg leiar

Vedlegg

Vedlegg 1 – Formlar for berekning av nøkkeltal

Vedlegg 2 – KS tilrådingar for godt eigarskap

Vedlegg 1: Formlar nytta ved berekning av nøkkeltall:

Resultatgrad i %	(Driftsresultat x 100) / Sum driftsinntekter <i>Resultatgraden er et mål på hvor stort driftsresultatet er i forhold til omsetningen.</i>
Likviditetsgrad 1	Sum omløpsmidler / Sum kortsiktig gjeld <i>Likviditetsgrad 1 måler bedriftens evne til å dekke betalingspliktene etter hvert som de forfaller. Likviditetsgrad 1 bør være større enn 1,5.</i>
Egenkapitalandel i %	(Sum egenkapital x 100) / Sum totalkapital <i>Er et uttrykk for hvor stor del av eiendelene som er finansiert med egenkapital og dermed hvor mye av eiendelene som kan gå tapt før kreditorenes fordringer kommer i fare.</i>
Gjeldsgrad	Sum gjeld / Sum egenkapital <i>Gjeldsgraden viser hvor stor gjelda er i forhold til egenkapitalen. En gjeldsgrad på 1 vil si at bedriften har like stor gjeld som egenkapital. En kan si at jo mindre dette forholdstallet er, jo mer solid er bedriften.</i>

Vedlegg 2: KS' Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/ fylkeskommunalt eide selskap og foretak

Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte

- Kommuner bør som en del av folkevalgtopplæringen gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte i de ulike aspektene knyttet til eierstyring av utskilt virksomhet. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden og senere med oppfølging etter 2 år. Det anbefales at kommunestyret etter gjennomføring av generalforsamling, får forelagt en oversikt over status for selskapene.

Nr. 2 Utarbeidelse av eierskapsmeldinger

- Kommuner skal foreta en politisk gjennomgang av virksomhet som er organisert som selvstendige rettssubjekter eller interkommunale organer gjennom utarbeidelse av en eierskapsmelding. Eierskapsmeldingen bør gjennomgås og eventuelt revideres hvert år i kommunestyret. Eierskapsmeldingen skal følges av strategier og formål/selskapsavtale for det enkelte selskap. Alt eierskap i selvstendige rettssubjekter skal fremgå på en klar og instruktiv måte i kommunens årsberetning. Interkommunale eierskapsmeldinger kan også utarbeides.

Nr. 3 Utarbeidelse og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapets virksomhet skal tydeliggjøres i vedtektene/selskapsavtalen. Innenfor rammen av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategier for sin virksomhet. Eierne skal ha et bevisst forhold til en eventuell forventet avkastning. For selskaper som opererer innenfor et marked skal prinsippene for en eventuell utbyttepolitikk klargjøres og deretter fremmes for eierorganet gjennom selskapsavtalen/vedtektene. Langsiktighet og samfunnsansvar bør legges til grunn for det kommunale/fylkeskommunale eierskap. Formålsangivelsen i selskapsavtale/vedtekter bør vurderes med jevne mellomrom for å se om det er behov for endringer.

Nr. 4 Vurderinger og valg av selskapsform

- Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset virksomhetens formål, eierstyringsbehov, markedsmessige forhold og konkurransereguleringen. Skal selskapet ta risiko og operere i et marked bør det etableres et selskap med begrenset ansvar.

Der selskapet skal yte tjenester til eierne i egenregi kan både interkommunale selskap og foretak være hensiktsmessige former. Stiftelser er ikke anbefalt for virksomhet som krever eierstyring.

Nr. 5 Fysisk skille mellom monopol og konkurransevirkosomhet

Selskaper som opererer med konkurransevirkosomhet i tillegg til monopolvirkosomhet, bør som hovedregel skille ut virksomheten for å unngå mistanke om muligheten for rolleblanding og kryssubsidiering. Organiseringen av konkurranseutsatt virksomhet bør så langt mulig være ledelsesmessig, personalmessig og fysisk atskilt fra monopolvirkosomheten. Dette må være utgangspunktet, og oppfyller man ikke dette må det være en bevissthet om hvorfor.

Nr. 6 Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevs og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalget er delegert denne funksjonen fra kommunestyret og har derfor en spesielt viktig rolle i eierstyringen.

Nr. 7 Sammensetning og funksjon til eierorgan

For aksjeselskap og interkommunale selskaper anbefales det at kommunestyret oppnevner politisk ledelse som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierutøvelsen skal speile kommunestyrets samlede/flertallsbeslutning. Det er sentralt at det opprettes en forutsigbar og klar kommunikasjon mellom eierorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamling/representantskapsmøte.

Nr. 8 Gjennomføring av eiermøter

De formelle eiermøtene er enten generalforsamling eller representantskap, men det kan også innkalles til eiermøter i tillegg til disse.

Styret bør tilrettelegge for at flest mulig av eierorganets medlemmer kan delta i generalforsamling/representantskapet og at dette blir en effektiv møteplass for aksjeeierne og styret. Dette gjøres ved å følge lovens regler om innkalling, at saksdokumentene er utførlige nok til å ta stilling til sakene, at eierne som ikke kan møte skal kunne stemme ved bruk av fullmakt (gjelder ikke interkommunale

selskaper), at styret, revisjon og valgkomité er tilstede samt rutiner for at eierorganet velger møteledelse.

Nr. 9 Eiers krav til profesjonelle styrever i kommunal sektor

Det er eiers ansvar å sørge for at styret sammensettes og gis de nødvendige styringsrammene for å utøve sitt virke som et profesjonelt organ. Et profesjonelt styre som kollegium består av personer med egnede personlige egenskaper som utfyller hverandre kompetansemessig.

Nr. 10 Valgkomité for styreutnevning i aksjeselskap og interkommunale selskaper

- Ved valg av styre til selskaper organisert etter aksjeloven og lov om interkommunale selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomité hvor formålet er å sikre sammensetning av styre med komplementær kompetanse og i tråd med eiers formål med selskapet. Representantskapets/generalforsamlingens leder velger leder av valgkomiteen. I selskap med flere eierkommuner bør valgkomiteen sammensettes for å speile eierandel. Flertallet av valgkomiteen bør være uavhengige av styret og ansatte. Valgkomiteens innstilling bør begrunnes. Valgperioden kan vedtektsfestes men allikevel være fleksibel i forhold til eiers behov for kompetanse.

Nr. 11 Rutiner for kompetansevurdering av selskapsstyrene

Eier har ansvar for å sikre at styret besitter den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål, jmf. punkt 9. I dette ligger det også at eier står fritt til å skifte ut styremedlemmer innenfor valgperioden. Men styret selv har også et selvstendig ansvar for å jevnlig vurdere egen kompetanse i forhold til eiernes formål med selskapet og det er derfor anbefalt en rekke rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

Nr. 12 Styresammensetning i konsernmodell

- Styret i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styrever. Dersom datterselskap yter tjenester til morselskap i konkurranse med andre bør det være ledelsesmessig og funksjonelt skille mellom selskapene for å unngå inhabilitet og rolleblanding i anbudsprosesser. Dersom det i konsernet er et datterselskap som yter monopoltjenester til sine eiere eller innbyggerne i eiers kommuner bør eksterne kandidater ha flertall i datterstyret.

Nr. 13 Oppnevning av vararepresentanter

Der det utpekes vara til styre bør ordningen med numerisk vara benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Nr. 14 Habilitetsvurderinger og politisk representasjon i styrene

- Det er opp til hvert enkelt eierorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjøre hvilken type kompetanse et styre skal ha. I utgangspunktet anbefales det å unngå situasjoner der styrets medlemmer jevnlig blir vurdert i forhold til forvaltningslovens regler om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av ledende politikere i selskapsstyrene. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter, og at kommunestyret oppretter en valgkomité som innstiller til det organ som skal velge styrerepresentanter.

Nr. 15 Kjønnrepresentasjon i styrene

I loven er det nå krav om 40 % kjønnrepresentasjon i styrene for både interkommunale selskap, aksjeselskap og aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner har eiermajoritet. Egne rekrutteringsseminar bør iverksettes der det er vanskelig å oppnå lik kjønnrepresentasjon.

Nr. 16 Godtgjøring og registrering av styreverv

- Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse og eventuell revidering av Eiermelding gjennomføre en prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere vervene på www.styrevervregister.no

Nr. 17 Arbeidsgivertilhørighet i selvstendige rettssubjekter

- Det anbefales at selskapene ved utskilling av virksomhet til selvstendige rettssubjekter søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon.

Nr. 18 Utarbeidelse av etiske retningslinjer

- Det anbefales at eier påser at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften.

Nr. 19 Administrasjonssjefens rolle i kommunale og fylkeskommunale foretak.

- Administrasjonssjefens rolle som budsjettansvarlig for kommunens samlede økonomiske virksomhet herunder foretakene kombinert med manglende instruksjonsmyndighet overfor daglig leders disponeringer bør være gjenstand for en samhandlingsdiskusjon ved opprettelse av foretak. Administrasjonssjefen, stedfortreder eller andre i ledende administrative posisjoner samt medlem av fylkes- og kommunalråd kan ikke sitte i styret. I kommuner med parlamentarisme kan ikke

kommune- og fylkesråd sitte i foretaksstyrene. Det samme gjelder administrasjonssjef/stedfortreder. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter